



Sandøy kommune

RETNINGSLINER FOR KOMMUNALE KULTURMIDLAR

1. Formål

Kulturelle, sosiale og helsefremjande aktivitetar og møteplassar er ein føresetnad for trivsel og ei positiv identitet - og samfunnsutvikling.

Tildeling av kommunale kulturmidlar skal difor ha som overordna mål å oppretthalde, stimulere og vidareutvikle eit mangfaldig kulturliv i Sandøy kommune.

2. Kven kan søkje?

1. Alle lag og organisasjonar i Sandøy kommune skal i utgangspunktet ha lik rett til å søkje kommunale kulturmidlar. Søkjarane sine formål skal komme alle til gode. (Slutta lag som t.d. småbåtlag og velforeiningar har ikkje søknadsrett. Unntak: Søknader som gjeld friområde, t.d. fritt tilgjengelege leikeplassar)
2. Alle mål- og aldersgrupper skal vurderast, men barn og unge har høgast prioritet.
3. Lag, organisasjonar og tiltak som alt er finansiert gjennom offentlege løyvingar, eller tiltak med hovudvekt av kommersiell eller forretningsmessig drift, har ikkje rett til tilskot.

3. Krav til søknaden

1. Alle som søker skal nytte elektronisk søknadsskjema.
2. Søknadsskjema skal fyllast ut med all relevant informasjon det vert bede om.
3. Sørvisorget eller kulturadministrasjonen gir hjelp og rettleiing til den som ynskjer det.
4. Søkjarane har sjølv ansvaret for å informere seg om søknadsfristar kunngjort gjennom oppslag og i media.
5. Søknadsfrist og krav til innhald/vedlegg er absolutt.

4. Saksgang for søknader med søknadsfrist

1. Søknadene vert handsama av Formannskapet i første møte etter søknadsfrist.
2. Etter handsaminga vert alle søkjarane skriftleg underretta om vedtaket. Eventuelle avslag vert grunngjevne.

3. Alle s kjarane har klagerett. Ei klage skal framf rast skriftleg innan 3 veker etter at avslaget er motteke. Det skal tydeleg g  fram at det er ei klage, kva som blir p klaga og grunngjeving. Formannskapet er ankeinstans.
4. Utbetaling av midlane skjer innan 1. august.

5. Om driftstilskot

Driftstilskot, b de til lag, organisasjonar og forsamlingshus har *s knadsfrist 1. mai*.

Formålet med tilskotet er   bidra inn mot ordin r drift. I s knaden skal siste godkjende rekneskap leggast fram, samt driftsplan for s knads ret.

S knaden blir handsama av Formannskapet.

6. Om prosjekttilskot

Ikkje s knadsfrist

Tilskotet blir gjeve til konkrete, tidsavgrensa prosjekt av ulik karakter. Dette kan vere alt fr  st rre tilstellingar til konsertar/idrettsarrangement eller kurs/oppl ring. S knaden skal innehalde plan og budsjett for prosjektet. Tilskotet blir utbetalt mot dokumentasjon om at prosjektet er gjennomf rt.

Kulturadministrasjonen handsamar tilskot inntil kr. 5.000. St rre prosjekttilskot blir handsama av Formannskapet.

7. Om oppstart av nye tiltak

Ikkje s knadsfrist

For   stimulere til auke i mangfaldet, blir det gjeve tilskot til oppstart av nye tiltak. Dette kan gjelde b de hovudaktivitet (nytt lag) eller ny aktivitet i eit lag sine underavdelingar. Tiltaket skal innf rast som fast aktivitet. Det blir ikkje gjeve tilskot til fors ksordningar eller nye tiltak med prosjektpreg.

Tilskotet er avgrensa til kr. 5.000 og blir handsama av kulturadministrasjonen.